



Ørjan Tveit
Elsters Gate 3
5059 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/300 - 21/16416

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.03.2021

Endringsløyve for oppføring av mur og slipp - gbnr 357/8 Sætre

Administrativt vedtak: Saknr: 310/21
Tiltakshavar: Ørjan Tveit
Søknadstype: Søknad om tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 a)

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av støttemur og båtslipp på følgjande vilkår:

1. Tiltaka: båtslipp og støttemur skal plasserast som vist i situasjonsplan, datert 16.12.20, mottatt 08.03.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det skal ikkje leggjast kult/kultplate mellom naust og støttemur.
3. Tiltaket skal oppførast i samsvar med løyve frå Bergen hamn datert 03.03.21.
4. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Revidert situasjonsplan som viser ingen inngrep i terrenget mellom støttemur og naust.
2. Det skal sendast inn bildar av terrenget rundt tiltaka ved ferdigstilling.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av båtslipp til eksisterande naust med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 45,6m² og støttemur på gbnr 357/8 Sætre.

Det vart gjeve løyve til tiltaka på vilkår i delegert vedtak 297/21 den 08.03.21. Administrasjonen har vurdert tiltaka på nytt etter telefonsamtale den 10.03.21 med tiltakshavar. Administrasjonen gir endringsløyve i saka etter ny vurdering den 10.03.21 for det gir ei god løysing i samsvar med tenkt bruk av slipp og naust.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid i form av betongplate føre naust og kult mellom støttemur og naust. Betongplate føre naust er godkjent i dette vedtaket etter ny vurdering. Kult mellom støttemur og naust er ikkje godkjent.

Administrasjonen viser til dispensasjonsvedtak i APM sak nr.112/20 i sak 20/389 av 02.09.20. Sjå grunngjeving i vurderinga. Det vert elles vist til søknad motteken 12.01.21 og supplert 08.03.21.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan, datert 16.12.20, mottatt 08.03.21.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser båtslipp, mur, betongplate føre naust, kult mellom mur og naust. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng. Betongplate føre naust er godkjent, men kult mellom støttemur og naust er ikkje godkjent i tråd med vilkår i dispensasjonsvedtaket.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknad.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING

Terrenginngrep

Administrasjonen viser til dispensasjonsvedtak i APM sak nr.112/20 i sak 20/389 av 02.09.20:

APM- 112/20 Vedtak:

Klagen vert teke til følge og vedtak i sak 20/389, datert 05.02.2020, vert gjort om.

Det vert gjeve dispensasjon i samsvar med vedtak frå Utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune datert 26.11.2019 i sak 19/1589, der følgjande vedtak vart fatta:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båtopptrekk.

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

· Dispensasjonen gjeld båtopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.

· Det skal ikkje gjerast noko med området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Det vart ikkje gjeve dispensasjon for tiltak mellom muren og båtopptrekk. Slik vi tolkar teikningar skal det lagast betongplate føre naust som del av båtopptrekk. Dette er godkjent. I tillegg er det søkt om å leggja kult mellom mur og naust. Dette er i strid med gitt dispensasjon. Det er godkjent betongarbeid i tilknytning til mur og båtopptrekk.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, 29-1.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/300

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av forstøtningsmur og båtslipp - gbnr 357/8 Sætre
Godkjent kartutsnitt
E01_Vedlegg_Plantegning Slipp og forstøtningsmur_20210202
E02_Vedlegg_Snitt A-A og B-B for slipp og forstøtningsmur_20210202

Mottakarar:

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3 5059

BERGEN